

FAU-møte 27.08.20

Til stades: Monica Helgøy (første del av møtet), Gunleif Haukelid, Pål Maudal, Rolf Magne Haukalid, Jeanette Teigland, May Britt Haga, Linda Figved, Guro Heggemsnes Fløysvik, Mari Fossan Medalen

FAU 2020/21 har desse medlemma:

1. klasse: Ennå ikkje valt foreldrekontaktar, altså ingen møtt frå denne klassen
2. klasse: Mari Fossan Medalen
3. klasse: Gunleif Haukelid
4. klasse: Rolf Magne Haukalid
5. klasse: Guro Heggemsnes Fløysvik
6. klasse: Linda Figved
7. klasse: May Britt Haga
8. klasse: Pål Maudal
9. klasse: Jeanette Teigland
10. klasse: Kenneth Idsø

Sak 1: Val av av roller i styret

Leiar: Rolf Magne Haukalid

Nestleiar: Gunleif Haukelid

Kasserar: May Britt Haga

Sekretær: Mari Fossan Medalen

Sak 2: Utfordringar på bussruta som dekkjer Øyren

Bussen går ikkje lenger forbi Øyren/Bergevik, noko som medfører lenger veg å gå for ein del elevar. FAU har mottatt eit brev frå foreldre til berrørte barn frå dette området. Brevet uttrykker misnøye

med denne endringa og bekymring for barna som nå må gå lenger på trafikkert veg for å komma på bussen.

Rektor var også til stades på møtet og informerte om korleis skulen såg på endringa i denne skuleruta. Skulen har vore i kontakt med dei ansvarlege, som seier at dei ikkje har moglegheit til å endra ruta tilbake til slik det har vore tidlegare. Skulen ser det svært problematisk at bussen er på skulen allereie 07.50, 10 minutt før klasseromma blir låste opp, og det er vaksne til stades. Spesielt med tanke på smittevern er dette lite gunstig. Skulen kjem til å klaga saka opp til fylket.

FAU støttar synet som blir uttrykt i brevet frå dei berørte foreldra, og bekymringa frå skulen. Me vil derfor senda eit brev frå FAU, der me tydleleggjer at også FAU står samla bak kravet om ei endring i denne bussruta.

Sak 3: Oppfølging av saker frå våren

- Kommunestyret i "gamle Forsand" bevilga 150 000 til lydanlegg på kulturhuset. Rolf Magne har tatt oppgåva med å sjekka prisar og innhenta tilbod.
- 17. mai: FAU tenker at andre instansar kunne tatt ansvar for det som skjer på Fossanheimen på 17. mai, og at FAU sitt arbeid kan konsentrera seg om det som føregår på kulturhuset/skulen. Rolf Magne tar kontakt med leiar i områdeutvalet for å høyra om det kunne vore aktuelt at dei stod for programmet på Fossanheimen.

Møter framover:

Alle møta blir på skulen kl 20.00,

01/10

03/12

04/02

11/03

15/04